



# Møtebok

Sak nr 49/2009

Møtedato: 18.11.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Offentleg ettersyn, Vaset alpinområde

Det faste utval for plansaker har i møte den 30.06.2009 (sak PL-45/09) vedteke å legge ut reguleringsplan for Vaset alpinområde til 1. offentlege ettersyn, jfr PBL § 27-1.

Planen inneber ein fortetting av eksisterande hyttefelt med nye tomter for fritidsbustad, samt at ein legg opp til område for erverv/utleiehytter m.m. på deler av arealet. I planen ligg det og an til justering av eksisterande heistrase, samt nye trasear/nedfartar.

Området er tidlegare omregulert til utbygging og landbruksinteressene blir ikkje meir skadelidande av tiltaket.

Fjellstyret skal etter fjellova også arbeide for å sikre naturvern- og friluftinteressene i statsallmenningen. Ut frå saksutgreiinga ser ein at det er vanskeleg å tilpass skiløyper i eit område med så høg utnyttingsgrad. Det er positivt at det er funne rom for omlegging av eksisterande løype, sjølv om dette ikkje er ei fullgod løysing. Ved skiløyper bør det vara avsett areal til offentleg parkering, og det er ikkje gjort i planen. Det er eit lite parkeringsareal i starten av skiløypa, utanfor planområdet. Dette området er heller ikkje sikra i annan plansamheng. Skal dette arealet sikrast til offentleg parkering, må planområdet utvidast. Alternativet er at ei tomt blir teke ut av planen og erstatta med parkering.

## Vedtak

Fjellstyret ber kommunen vurdere å regulere eit område til offentleg parkering der skiløypa startar ved Panoramavegen. Ut over det, har ikkje fjellstyret merknader til planen.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 27.11.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog